



## ARKIVVERKET

Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5  
5008 BERGEN

Dato	27.06.2019
Din ref.	2018/10444
Vår ref.	2018/6261
Saksbehandler	JONSAN/DOFO

## Avslutning av arkivtilsyn - Hordaland fylkeskommune

Arkivverket gjennomførte tilsyn med arkivhaldet i Hordaland fylkeskommune 7.6.2018.

Tilsynet hadde fokus på arkivorganisering og elektronisk arkivdanning, blant anna arkivplan, journalføring og fagsystem. Målet med tilsynet var å kontrollere at arkivtilhøva i Hordaland fylkeskommune er i samsvar med arkivlova med forskrifter.

Endeleg tilsynsrapport med pålegg vart sendt fylkeskommunen 21.8.2018. Fylkeskommunen fekk seks pålegg om utbetring. Jf. tidlegare korrespondanse har fylkeskommunen lukka avvika i pålegg 2, 3 og 4.

Hordaland fylkeskommune har sendt Arkivverket dokumentasjon om pålegg 1, 5 og 6. Arkivplanen er oppdatert. I omtalen av ansvarstilhøva viser ein til oppheva arkivforskrift («sentralisert arkivteneste»). Dette er ikkje i samsvar med omtalen elles i planen. Det er elles bra at fylkeskommunen vil etablere internkontroll for arkiv.

Når det gjeld planane for ordning og deponering av papirarkiv og elektronisk materiale er desse gode og oversiktlege. Arkivverket vil likevel peike på at ein legg opp til å bruke sær lang tid på ordning og katalogisering av papirarkiva, og at det derfor vil vere eit avvik fram til alt er ordna. Slik pålegget vart formulert i tilsynsrapporten har fylkeskommunen likevel oppfylt dette.

Arkivverket har ikkje vurdert alle tiltaka i detalj, men dokumentasjonen tilseier at pålegga er oppfylte. Tilsynet blir no avslutta.

Vi gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune sjølv har ansvaret for at eigne arkiv vert behandla i samsvar med arkivlova med forskrifter. Alle aspekt ved arkivforvaltninga kan bli tekne opp på eit framtidig tilsyn.

Med helsing

Espen Sjøvoll  
avdelingsdirektør

Anne Aune  
fagdirektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Kopi til:  
Fylkesmannen i Vestland